



Ng Meny Vest AS  
Postboks 330 Skøyen

0213 OSLO

Referanser:  
Dykkar: Ref.:X5DQ3Z- Skjemanr.:235  
Vår: 17/2807 - 17/34901

Saksbehandlar:  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
ftm@lindas.kommune.no

Dato:  
11.12.2017

## Søknad om salgsbevilling for alkohol - netthandel

Vedlagt følgjer vedtak.

*Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*



Andre mottakarar:

Ng Meny Vest AS

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
097/17	Formannskapet	PS	23.11.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Reidun Sæbdal	17/2807

## Salsløyve - NG Meny Vest AS netthandel

### Vedlegg :

Levering av Alkohol og Tobakk i Zoppolt Courier App

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-6, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1,2.ledd, og 3 -7 vert det gjeve salsløyve via netthandel på følgjande vilkår:

- Bevillingshavar: NG Meny Vest AS, Postboks 330, Skøyen, 0213 Oslo. Org. nr. 979679971
- Utsalsstad: Meny Åsane Storsenter, Åsane senter 21, 5116 Ulset
- Styrar: Erling Nilsen f 30.07.73. Avløyser: Camilla Eide Taule f 09.10.87

Bevillingshavar og styrar er ansvarleg for at salet går føre seg i samsvar med alkohollova og forskrifta.

- Sal via netthandel med utlevering på kunden sin adresse for alkoholhaldig drikk gruppe 1 med høgst 4.7 volumprosent alkohol.

- Tidsrom: Bevillingsperioden gjeld fram til 30.09.20

- Bestilling og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal skje innanfor kommunen sine salstider. Følgjande salstider gjeld for sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1 i fylgje forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Lindås kommune

Måndag – fredag kl. 09.00 – 20.00

Laurdag kl. 09.00 – 18.00

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje frå kl. 0900 til kl. 1800 før søn- og helligdagar. Dette gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag. Påske-, pinse-, jule- og nyttårsaften der salstida er til kl. 1500.

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på søn- og helligdagar, 1. og 17. mai, eller på stemmedagen for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavstemming vedteke med lov.

- Ved sal av alkoholholdig drikk via netthandel skal bevillingshavar ved utkjøring sørge for at kunden kvitterer for mottak. Det skal vera påført namn, alder og adresse for bestillar og namn, alder og adresse og kontrollnummer på legitimasjon for personen som vara vert utlevert til, samt tidspunkt for utlevering og kven som har utlevert vara. Mottakskvittering skal vera vera tilgjengelege for Lindås kommunen i minst 12 mnd etter utlevering.
- Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvens for dei vilkår løyvet er gitt på.

Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 3 kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jfr. alkohollova § 1-16. Klagefristen er 3 veker, jfr. forvaltningslova § 29.

Høve for klage må nyttast før det i tilfelle kan bli reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan

seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerda er kome fram for klagar, jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13. august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.

### **Formannskapet - 097/17**

#### **FO - behandling:**

#### **Framlegg frå S.Toft-V:**

Det vert ikkje gjeve salsløyve til netthandel med alkoholhaldig drikk i Lindås.

Søknaden vert difor ikkje godkjent.

Grunngjevinga er at kommunen ikkje har rutinar for kontroll av slikt løyve eller utlevering, samt næringspolitiske omsyn jf.alkoholova §1-7A

Framlegget vart vedteke mot 3 røyster Frp og H

Rådmannen sitt framlegg fekk 3 røyster (Frp og H) og fall

#### **FO - vedtak:**

Det vert ikkje gjeve salsløyve til netthandel med alkoholhaldig drikk i Lindås.

Søknaden vert difor ikkje godkjent.

Grunngjevinga er at kommunen ikkje har rutinar for kontroll av slikt løyve eller utlevering, samt næringspolitiske omsyn jf.alkoholova §1-7A

#### **Saksopplysningar:**

Saka skal til uttale i Levekårsutvalet

Saka skal avgjerast Formannskapet, Kommunestyret

#### **Bakgrunn**

Lindås kommune har mottatt søknad frå NG Meny Vest AS om salsløyve for netthandel for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 ved Meny Åsane Storsenter , Åsane senter 21, 5116 Ulset.

Salsløyve gjeld for netthandel med heimlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 til kundar i Lindås kommune.

Alkoholova opnar for bevilling til nettsal av alkohol, jf. [§ 3-1 andre ledd](#). Det må då søkjast bevilling i den kommunen virksomheita er lokalisert/lokalet ligg og i tillegg må det søkjast om kommunal bevilling i dei kommunane som ein leverer alkohol til.

Meny Åsane har i dag salsbevilling i Bergen kommune for nettsal.

Meland kommune har og mottatt søknad om salsløyve for netthandel frå Meny Åsane Storsenter.

#### **Vurdering**

Netthandel er eit aukande marked i Norge. Søknad om heimlevering av alkohol er ikkje tidlegare behandla i Lindås og er såleis ei ny salsform for kommunen. Salsforma gjev utfordringar når det gjeld kontroll med utlevering av varene.

Den fysiske tilgangen til alkoholhaldig drikk vert ikkje større, sidan ein må handle og levering må skje inna for gjeldande salstider for kommunen.

#### **Kort om ordninga.**

Ved bestilling av varer i nettbutikken vert innhaldet i handlekorga analysert og dersom den inneheld alkoholhaldig drikk vert leveringsvindauga blokkert utanfor salstidene som kommunen har fastsett.

Norgesgruppa samarbeidar med Zoolpt- som er ei teknologiform som kobler saman transportørar med leveringsoppdrag. Instruks for utlevering krev at transportøren gjer seg nytte av ein smartphone app. Ved utlevering av alkohol må mottakar leggja fram gyldig legitimasjon og det må verifiserast i

smartphone-appen at gyldig legitimasjon er framvist. Dersom transportøren er forsinka kan ein ikkje levere varer som inneheld alkohol dersom dette er utanfor kommunen sine fastsette salstider. Varene vert då returnert til butikken. Ved levering av varer må transportøren observere om mottakar er synleg berusa, i så tilfelle vert alkoholhaldige varer returnert til butikken. Transportørane signerer på same skjema som gjeld bestemmelser for sal av alkohol og tobakk som dei som arbeider i butikk. Dei formelle krava i søknaden er innfridd. Styrar og stedfortredar er vandelsvurdert og begge har bestått kunnskapsprøva etter alkohollova. Kommunen har ikkje sett tak på tal salsløyve. I alkoholpolitisk plan for Lindås kommune står det at salsløyvet for alkoholhaldig drikk gruppe 1 berre kan gjevast til daglegvareforretningar, såleis er ikkje nettsal for daglegvareforretning utelukka i planen.

Kommunen har høve til å foreta ei skjønnvurdering [alkohollova § 1-7a](#) «Ved vurderingen av om bevilling bør gis, kan kommunen blant annet legge vekt på antallet salgs- og skjenkesteder, stedets karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet for øvrig.»

Kommunen har og høve til å setje vilkår for salsløyvet [alkohollova § 3-2](#) dersom dei er sakleg begrunna eller ikkje uforholdmessige tyngande eller urimelege. Vilkåra kan fremme alkohollovas føremål, lette kontroll eller avverge skadeverknader ved salg.

For å imøtekomma kravet for kontroll har ein sett vilkår at mottakskvittering frå kjøpar for alle bestillinger som inneheld alkoholhaldig drikk skal først. Det skal vera ført på namn, alder og adresse for bestillar og namn, alder og adresse og kontrollnummer på legitimasjon for personen som vara vert utlevert til, samt tidspunkt for utlevering og kven som har utlevert varen. I tillegg må det vera eit punkt for avkryssing om mottakar er åpenbar påverka ved levering eller ikkje. Søknaden har vore til uttale hjå NAV og politiet og dei har følgjande merknader:

#### **NAV**

NAV Lindås vil ikkje tilrå denne søknaden. Dei grunnjev dette med for stor risiko i høve sal til mindreårige eller rusa personar, og at kommunen har ikkje rutiner for kontroll med slikt løyve eller utlevering.

#### **Politiet**

Politiet tilrår ikkje salsløyve til netthandel slik søknaden er i dag. Dei grunnjev dette med at ein må sikra seg at det ikkje er mogeleg for mindeårige å handle alkoholhaldig drikk.

Forskjellen frå nettsal og kjøp av alkoholhaldig drikk gruppe 1 i butikk er at staden for salet er ulikt. Ved netthandel skjer salet når kunden får vara levert heim og legimitering og kontroll skjer her. Det føreligg rutiner for kontroll, slik at sal til mindreårige og rusa personar ikkje skal skje. Sjølv om dette er ein nettbutikk utan åpningstider, vert kontroll av salstider for sal av alkoholhaldig drikk ivaretekne i sjølve netthandelen, slik at ein ikkje får bestille alkoholhaldig drikk utover gjeldande salstider i kommunen.

Rådmannen rår til at salsløyve via netthandel for alkohol gruppe 1 vert gitt når vilkåra for bevillingen er i samsvar med alkohollova og at rutinane vert følgd. Fysisk tilgjenge av alkohol vert ikkje auka då kundane berre kan få utlevert alkohol innanfor gjeldande salstider i kommunen. Kontrollrutinane ved heimlevering av alkohol er ivaretekne på same måte som ved sal i butikk.

Kontrollutvalet for alkohol har handsama framlegget til netthandel av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og har følgjande kommentar: Det vil vere ei utfordring for kommunen sine alkoholkontrollørar å gjennomføre kontroll ved utlevering av alkoholhaldig drikk ved denne salsforma, slik som ein har moglegheit for ved salstader elles.

